



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

I-1

Tom Andre Sivertsen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/19728-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.04.2017

Uttale – Fv. 404 – Utvida bruk av avkøyrsløse – Gnr. 147 bnr. 50 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 09.02.2017. Vi var på synfaring på staden 24.03.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om oppføring av 2 bueiningar på gnr. 147 bnr. 50 i Lindås kommune. Eigedomen er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsliv* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket treng difor dispensasjon frå plan.

Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

Uttale til handsaming etter plan- og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Eigedomen ligg langs fv. 404. Vegen er smal på gjeldande strekning. Det er ikkje tilbod til gåande og syklande. Fartsgrensa er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 600. Strekinga er klassifisert til haldningsklasse 3 jf. *Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegrensar langs veg i Region vest (2013 – 2016)*.

Vegvesenet si vurdering av saka:

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafiktryggleik på den vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I Rammeplanen er vegstrekninga klassifisert til haldningsklasse 3. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som viktig lokalveg og at godkjenning til utvida bruk av avkøyrslar normalt bør gjevast dersom dei tekniske krava til utforming av avkøyrsla vert tilfredstilt.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrslar, eller ved søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslar, er at det skal vere tilstrekkeleg sikt i avkøyrsla. I dette tilfellet vil kravet vere at ein skal sjå 45 meter til kvar side av vegbana frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. Kravet til sikt vert gitt med bakgrunn i fartsgrense og trafikkmengda på staden. I dette tilfellet ser vi at det vil vere behov for å betre sikta, særleg i retning venstre i avkøyrsla. Her er det både mur og vegetasjon som hindrar sikta.

Andre krav vi stiller er knytt til svingradius, helling / lengdeprofil i avkøyrsla og drenering i avkøyrsla. Vi vurderer at desse krava kan tilfredstillast i dette tilfellet. Det skal og vere tilstrekkeleg snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom.

Sluttord:

Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast avkøyrsløyve etter veglova dersom våre tekniske krav til utforming vert tilfredstilt. Eit slikt løyve vil i så fall innehalde særlege vilkår knytt til opparbeiding av avkøyrsla.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon i dette tilfellet, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova. Det må då sendast inn ny søknad som er i samsvar med kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ